



Arkivnr: 2018/10639-1
Saksbehandlar: Rune Åland, Bjørg Larsen

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		21.08.2018

Investeringsstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi 2018**Samandrag**

Av Regional Kulturplan for Hordaland (2015-2025) går det fram at Hordaland fylkeskommune støttar utbygging av idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi. Toppidrett har sterke særrettslege krav til anleggsbygging og utvikling. Det må byggjast store og kostnadskrevjande anlegg med regional og nasjonal verdi for at unge lovande utøvarar og toppidrettsutøvarar skal kunne utvikla seg vidare i fylket, og at Hordaland skal kunne vere vertskap for større internasjonale og nasjonale meisterskap.

Generelt:	
Budsjett 2018:	2 mill.
Søknadsfrist 2018:	2. mai 2018
Vedtak kriteria:	KIRU 16.05.2017
Kriteria og informasjon om ordninga:	https://www.hordaland.no/nn-NO/idrett-og-friluftsliv/anlegg/investeringstilskot-til-idrettsanlegg-med-regional-og-nasjonal-verdi/

2018	
Tal på søknadar:	5 søknadar
Samla søknadssum:	10 mill.
Tilrådd til fordeling:	2 mill.

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Hordaland fylkeskommune sitt investeringstilskot skal medverke til at regionen utviklar kostnadskrevjande idrettsanlegg som har regional og nasjonal verdi, der ein kan arrangere nasjonale og internasjonale meisterskap for seniorar. Ordninga med fylkeskommunalt investeringstilskot har eksistert sidan 1993. Fylkesidrettsanlegg og regionale anlegg som tidlegare har fått fylkeskommunalt investeringstilskot til idrettsanlegg i Hordaland er:

Anlegg	Kommune	Total tildeling
Seglsportsanlegg Hanøytangen	Askøy	3 300 000
Ravnanger Idrettspark friidrettsanlegg	Askøy	833 000
Bergen Tennisklubb	Bergen	2 333 000
Brann stadion	Bergen	2 000 000
Friidrettsanlegg Fana stadion	Bergen	2 500 000
Haukelandshallen	Bergen	1 000 000
ADO symjearena	Bergen	7 334 000
Klatrevegg Bergenshallen	Bergen	1 700 000
Kunstisbane Slåtthaug	Bergen	2 300 000
Kunstisbane Slåtthaug	Bergen	4 000 000
Motorsportsenter Eikås	Bergen	1 500 000
Vestkanten Curling-/Ishall	Bergen	5 000 000
Vestlandshallen	Bergen	10 000 000
Bømlo Motorsportanlegg	Bømlo	1 100 000
Sotra Arena	Fjell	1 000 000
Hustredalen motorcross	Stord	1 000 000
Stord Hestesportsenter	Stord	2 800 000
Turnanlegg Vikahaugane	Stord	2 000 000
Vikahaugane isbane	Stord	3 000 000
Sveio golfbane	Sveio	2 000 000
Tysnes Idrettshall	Tysnes	1 000 000
Freestyleanlegg Myrkdalen	Voss	3 300 000
Hoppbakke Bavallen	Voss	350 000
Roanlegg Vangsvatnet	Voss	900 000
Voss Ski- og tursenter Skutle langrenn/skiskyttaranlegg	Voss	350 000
Skytebane Skjerve/Bjørke	Voss	3 000 000
Snøkanonanlegg Bavallen	Voss	2 500 000
Varmestove Bavallen	Voss	1 000 000
Totalt:		72 250 000

Vilkår for støtte:

Hordaland fylkeskommune føreset tidleg dialog om utvikling av anlegget. Søknad om investeringstilskot skal sendast via kommunen og innehalde skildring av anlegget med finansieringsplan og kostnadsoverslag. Anlegget det vert søkt om støtte til, skal vere forankra i ein kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Om anlegget er forankra i ein regional plan, styrkjer dette søknaden. Søknaden skal og innehalde ei vurdering av anlegget sin nasjonale verdi, med uttale frå respektive særforbund. Om det vert søkt om investeringstilskot til eit anlegg med regional verdi som finst frå før i Hordaland, er det opp til søkjar å skildre kva som skil anlegget i høve til det/dei som eksistera. Storleik på støtta vert vurdert i høve til godkjend kostnadssum på spelemiddelsøknaden og tilskot frå andre fylkeskommunale støtteordningar.

Forslag til vedtak

	Namn på søkjar	Tiltak	Tilråding
1	Kvinnherad kommune	Idrettshall på Husnes	Avslag
2	Sotra sportsklubb	Turnhall	1 000 000
3	Os kommune	Kuventræ dobbel fleirbrukshall	1 000 000
4	Austevoll kommune	Austevollbadet	Avslag
5	Kvam herad	Kvammabadet	Avslag
			2 000 000

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 27.08.2018

Viser til vedlegg med oversyn over søknadane med fylkesrådmannen sin grunngjeving til kvar søknad.